



Aud Sørheim Myklebust med den nye kunst- og diktboka si, Isrosen.

Aud Sørheim Myklebust debuterte som kunstnar i 1978. I alle år fram til i dag har ho ein stor produksjon innan ulike kunstuttrykk. Særleg kjend er ho som ein habil vevar med motiv som vi i dag finn som utsmykking i kyrkjer, bårhus, bedehus og i bankar. I desse dagar føreligg ei lita kunstbok der nokre av dikta og motiva hennar er samla. Boka har tittelen Isrosen.

Det var eigentleg syskenbarnet hennar, Kari Skårdal frå Åmli, som valde ut motiv og dikt og fekk trykt boka med eit fyrsteopplag på 100 eks. I boka finn du 18 bilete og 20 dikt. Tanken er å fornya boka årleg der ein stadig finn nye motiv til dikta. Boka skal med andre ord oppdaterast. Dette let seg gjera i ei digital tid og når ein er god på fotoredigering. Boka vert seld med inntekt for gode føremål. Uskedal sokneråd har alt motteke bøker i gåve.



Aud Sørheim Myklebust er ein allsidig biletkunstnar og forfattar. Arbeidsplassen hennar på Myklebust i Uskedalen har namnet Fløyen. Mange av bileta hennar er laga i akryl, som akvarell, men også i teknikken monotypi. Vevde motiv finn vi mellom anna i Kvammen kyrkje i Askvoll, Frikirken i Bergen, bårehuset i Uskedalen, bedehuset i Rosendal og i KS bank avd. Rosendal. Mange av motiva er laga på Myklebust i Uskedalen, i kunstnarhytta ho kallar Fløyen. Meir ukjend for mange er det at Aud skriv salmar. Ho vil samla desse, 30 i talet, i ei songbok. Salmane er skrivne til kjende melodiar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal